

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 17/998-28

Tillegg til Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget, vedteken i sak 123/17, vert justert slik:
 - a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
 - b. Avsettinga til bufferfondet vert auka tilsvarande.

Vedlegg:

1. Søknad frå Stryn Turn og Idrettslag om tilskot til realisering av Arena Stryn
2. Søknad frå Fjaler kommune om tilskot til realisering av ny innandørs skytearena i Dale

Andre relevante dokument i saka:

1. Notat til fylkesutvalet 22.11.17, Ferjeavløysing – prosess og økonomiske konsekvensar – oppdatering

SAKSFRAMSTILLING

Det vert vist til møte i fylkesutvalet 22.11.17, der fylkesrådmannen vart beden om å kome attende med ei oversikt over dei økonomiske konsekvensane av fylkesutvalet sine tilrådingar i sak 121/17 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027 og sak 123/17 Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021. I tillegg vil fylkesrådmannen orientere om verknadene av budsjettforliket i Stortinget.

Utgangspunktet for FU var finansutvalet sitt salderte budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021, jf. tabellen nedanfor.

	2018	2019	2020	2021
Ubalanse etter a-dok 4:	-46,6	3,5	14,1	17,9
Sluttsaldering				
Avsetting/bruk av bufferfondet	46,6	-3,5	-14,1	-17,9
Totalbalanse	0,0	0,0	0,0	0,0

Salderinga syner ei avsetting til bufferfondet på 46,6 mill. kr i 2018 og ein samla bruk på 35,5 mill. kr for åra 2019-2021. Utover dette la FU inn ei løyving på 0,3 mill. kr til fartøyvern i 2018. Dette reduserer avsettinga til bufferfondet til 46,3 mill. kr i 2018.

Statsbudsjettet 2018 – budsjettforlik mellom regjeringspartia og Venstre/Kristelig Folkeparti

I budsjettforliket er det lagt inn 40 mill. kr i auka tapskompensasjon på landsbasis. Dette er same beløpet som for 2017, der vi fekk 12,6 mill. kr av løyvinga. Vi har enno ikkje oversikt over fylkesfordelinga, men føreset same fordeling for 2018, dvs. 12,6 mill. kr. For 2019 har vi inne ei forventning om ytterlegare 22,5 mill. kr. Dette er om lag 10 mill. kr meir enn auken vi no får for

2018. Sidan auken har vore den same dei to siste åra (40 mill kr nasjonalt), er det mest realistisk å føresette at dette beløpet også for 2019 (siste året av opptrappinga av tapskompensasjonen). Fylkesrådmannen vil difor tilrå at økonomiplanen vert justert for dette, og reduserer opptrappinga frå 22,5 mill. kr til 12,6 mill. kr frå 2019.

Tilrådde endringar kan framstillast slik:

	2018	2019	2020	2021
Føresett tapskompensasjon 2018	0	0	0	0
Reversering føresett opptrapping av tapskomp. i 2019		-22,5	-22,5	-22,5
Ny føresetnad for tapskompensasjon i 2018	12,6	12,6	12,6	12,6
Ny føresetnad for opptrapping av tapskomp. i 2019		12,6	12,6	12,6
Endring	12,6	2,7	2,7	2,7

I budsjettforliket er det vidare lagt inn eit mindre beløp som kompensasjon for auka CO₂-avgift på båt/ferje. Vi kjenner ikkje fordelinga her. Då dette er ein kompensasjon for auka kostnader på samferdslesektoren, vil desse midlane bli tilrådd tilført samferdsle. Det vil såleis ikkje ha noko salderingsmessig konsekvens. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i tertialrapport 1/18.

Vidare er det lagt inn 80 mill. kr meir til breibandsutbyggjng, noko som er positivt med omsyn til at vårt fylke tidlegare har fått god utteljing på denne ordninga.

Økonomiske verknader som følgje av FU sine vedtekne tilrådingar i FU-sak 121/17 RTP

Fylkesutvalet har i saka om RTP tilrådd følgjande punkt som har økonomiske konsekvensar (B/ØP):

- Ramma til mindre utbetringar vert utvida med 40 mill. kr, fordelt med 10 mill. kr kvart år.
- 60 mill. kr til delprosjekt på fv. 57 Dale – Storehaug.
- Investeringsramma til gang- og sykkelveggar vert auka frå 98 til 120 mill. kr. Auken vert sett av til å auke ramma til enkle fysiske tiltak i sentrumsområda frå 18 til 40 mill. kr
- Det skal lagast finansieringsplan for realisering av Ytre Steinsund m.o.p. ferjeavløysing.

Nedanfor viser vi korleis desse investeringane vert fordelt pr. år, samt finansieringa.

INVESTERINGSPROGRAM (faste -2018-kr)	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Auka ramme til mindre utbetringar	40,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Oppstart Fv 57 Dale-Storehaug	60,0			10,0	50,0
Auka ramme til gang- og sykkelveggar	22,0	5,5	5,5	5,5	5,5
Ferjeavløysing Ytre Steinsund	770,0		140,0	280,0	350,0
SUM INVESTERING	892,0	15,5	155,5	305,5	415,5

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2018	2019	2020	2021
Mva. kompensasjon	169,2	2,9	29,9	57,8	78,4
Låneopptak	722,8	12,6	125,6	247,7	337,1
SUM FINANSIERING	892,0	15,5	155,5	305,5	415,5

I høve Ytre Steinsund vert det vist til notat til FU 22.11.17 Ferjeavløysing – prosess og økonomiske konsekvensar – oppdatering. Oppstart av prosjektet er avhengig av når vi får svar på søknaden om ferjeavløysingsmidlar frå KMD. Det kan difor bli behov for løyving til prosjektering tidlegare enn i 2019. Dette vil fylkesrådmannen kome attende til når FT skal ta endeleg stilling til prosjektet.

Eit auka låneopptak på 722,8 mill. kr vil i budsjett/økonomiplanperioden gje slike kapitalkostnader:

RTP ekskl. Ytre Steinsund bru:

	2018	2019	2020	2021
Auke i kapitalutgifter etter FU-handsaming av RTP	0,8	1,4	2,7	5,7
Sum auke i kapitalutgifter	0,8	1,4	2,7	5,7

Ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund bru:

	2018	2019	2020	2021
Auke i kapitalutgifter med ferjeavløysing Ytre Steinsund		1,0	10,0	26,0
Sum auke i kapitalutgifter	0,0	1,0	10,0	26,0

Saldering

Tabellen under syner salderingsutfordringa når dei økonomiske verknadane av budsjettforliket og fylkesutvalet si tilråding til RTP er innarbeidd i det økonomiske opplegget.

	2018	2019	2020	2021
Ubalanse etter a-dok 4:	-46,6	3,5	14,1	17,9
Sluttsaldering				
Avsetting/bruk av bufferfondet	46,6	-3,5	-14,1	-17,9
Totalbalanse	0,0	0,0	0,0	0,0
Endringar i den politiske slutthandsaminga				
Reversering av sluttsaldering	-46,6	3,5	14,1	17,9
FU-sak 123/17 - auka løyving til fartøyvern	0,3			
Tilleggsnotat til FU				
Auka tapskompensasjon i statsbudsjettet 2018	-12,6	-12,6	-12,6	-12,6
Auka tapskompensasjon i 2019		-12,6	-12,6	-12,6
Reversert forventta tapskompensasjon frå 2019		22,5	22,5	22,5
Auka kapitalutgifter RTP ekskl. Ytre Steinsund bru	0,8	1,4	2,7	5,7
Auka kapitalutgifter RTP - Ytre Steinsund bru		1,0	10,0	26,0
Totalbalanse	-58,1	3,2	24,0	46,9

Vi ser at 2018 vil ha eit overskot på 58,1 mill. kr, medan åra 2019-2021 vil ha eit underskot på til saman 74,1 mill. kr. Det betyr at sjølv om vi reserverer 58,1 mill. kr i 2018 til bruk seinare år, vil det vere naudsynt å nytte ytterlegare 16 mill. kr av bufferfondet for å få balanse økonomiplanen. Dei auka kapitalutgiftene vert her saldert med «eingongsmidlar», dette er ikkje ei berekraftig finansieringsløyving for langsiktige driftsutgifter. Underskotet i økonomiplanperioden er aukande frå 3,2 mill. kr i 2019 til 46,9 mill. kr i 2021. Denne årlege ubalansen vil vi dra med oss også etter 2021.

Viss fylkestinget vel å vedta fylkesutvalet si tilråding til RTP, utan tilsvarende rammereduksjonar på sektorbudsjetta, vil disponible midlar på bufferfondet bli redusert ned mot minimumsnivået på 70 mill. kr i denne planperioden. I framlegg til budsjett/økonomiplan er det budsjettert med bruk av lokale inntekter i driftsbudsjettet på samla 160 mill. kr. Eit ev. bortfall av desse inntektene, både utbytte og konsesjonskraft, kan vere eit realistisk scenario i samband med prosessar knytt til kommune-/fylkessamanslåingar. Dette medfører stor uvise i budsjett-føresetnadane, og utan fondsmidlar til å kompensere for eit ev. bortfall av lokale inntekter, vil driftsnivået måtte reduserast på sektornivå.

Andre saker

Fylkesutvalet vedtok i møte 22.11.17 å utsette handsaming av løyving til realisering av fotballhall i Florø. Søknaden er på 30 mill. kr.

Som ein parallell til nemnde søknad, vil fylkesrådmannen informere om at fylkeskommunen den 24.11.17 fekk ein søknad frå Stryn Turn og Idrettslag om eit tilskot på 8 mill. kr til realisering av Arena Stryn. Vidare har vi den 27.11.17 fått ein søknad frå Fjaler kommune om eit tilskot på 4 mill. kr til ny innandørs skytearena i Dale. Søknadane følgjer som vedlegg 1 og 2.

Fylkesrådmannen meiner i utgangspunktet at dei 3 søknadane, på til saman 43 mill. kr, inneheld gode prosjekt, men av tidsomsyn er dei ikkje handsama av administrasjonen. Dette er store tilskotsbeløp som bør vurderast både opp mot samla økonomisk situasjon og opp mot andre eksterne søknader som er komne inn i 2017, men som ikkje har fått prioritet i B/ØP. Dette er det vanskeleg å få gjort no fram mot fylkestingssete, men arbeidet kan starte opp tidleg i 2018.

For å sikre ei god vurdering av søknadane og sikre ei «rettferdig» handsaming i høve andre søkjarar, vil fylkesrådmannen tilrå at den etablerte rutineane i høve søknader om finansiell medverknad vert følgt.

Handlingsrommet på bufferfondet er i stor grad disponert til investeringar gjennom budsjettet, og fylkesrådmannen vil også minne om at det førebels ikkje er avsett midlar til klimafondet som er under utgreiing i samband med regional plan for klimaomstilling. Fylkesrådmannen meiner at eit slikt fond må ha ein viss storleik om det vert etablert, minimum 20 mill. kr.

I lys av dette vil fylkesrådmannen åtvare mot å imøtekomme dei aktuelle søknadane ved auka fondsbruk, utan å gjere ei nærare vurdering av den samla økonomiske situasjonen.

Fylkesrådmannen vil avslutningsvis, som i saksframstillinga til Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021, opplyse om at endeleg vedtak og tilhøyrande tekstdokument må bli konsekvensjustert i høve vedtak i saker som fylkestinget handsamar på fylkestinget 4.-5. desember 2017.